



Vang kommune

Bjarte Bøe Alræk
Tobrotet 60
5355 Knarrevik

Dykkar ref.:

Vår ref.:

FALSYN-2022004577 -2

Arkiv:

GBNR-4/23, K2-L42

Vår dato:

17.06.2026

Saksnr.	Utval
115/26	Hovudutval for utvikling

Løyve til bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel

Tiltak: Bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 4/23 Finndalskroken 16
Tiltakshavar: Bjarte Bøe Alræk
Tobrotet 60
5355 Knarrevik

Vedtak

Vang kommune godkjenner søknad om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel på eigedomen med gnr 4 bnr 23, som omsøkt.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 bokstav d og 20-4.

Saksopplysningar

Vang kommune fekk søknad om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel den 10.06.2026. Føremålet er å byggje om eksisterande inngangsparti og bod til bad i eksisterande fritidsbustad på eigedomen med gnr 4 bnr 23. Eigedomen ligg innanfor kommunedelplan for Tyinkrysset.

Søknaden har situasjonsplan og nødvendige teikningar. Fritidsbustaden er nyleg knytt til kommunalt VA-anlegg. Tiltaket er ikkje nabovarsla, då det er vurdert at tiltaket ikkje rører ved interessene til naboar.

Vurdering

Tiltaket er vurdert til å vere i tråd med kommunedelplan for Tyinkrysset og gjeldande regelverk.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 10.06.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

- Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
- Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
- Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
- Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
- Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
- Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Du kan klage på dette vedtaket

Eventuell klage må leverast skriftleg til kommunen innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følge, blir klaga send vidare til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

Gebyr

Du må betale eit gebyr på kr 4.370, jf. Vang kommune sitt gebyrregulativ. Faktura blir ettersendt.

Med helsing

Synnøve S. Falkendal

Byggesaksbehandler

Dir. tlf.: 908 03 745

E-post: synnove.sorum.falkendal@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.